

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: **Kontrollutvalet i Hareid kommune**
Møtestad: **Midlertidig rådhus i Myravegen 11 - Kommunestyresalen**
Dato: **20.02.2019**
Møte tok til **Kl. 08:30**
Møte slutta **Kl. 11.00**

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Vest kontroll – Sekretariat for kontrollutval.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Berte Holstad Engen	Leiar
Kjartan Grimstad	Nestleiar
Inga Ishild Hareide	Medlem
Greta Nelly Kirkebø	Medlem

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Terje Dalsøren	Medlem Nestleiar

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Modulf Andreas Røyset	Terje Dalsøren

Vest kontroll - sekretariat:

Namn	Funksjon
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Karoline Sighaug	Konsulent

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:

Namn	Funksjon
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Eivind Longva	Kommunalsjef oppvekst og kultur. I sak 06/19.



SAKLISTE

- SAK 01/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/19 MELDINGAR
- SAK 04/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 05/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 06/19 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TIDLEG
INNSATS – Utsett sak
- SAK 07/19 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSPROSJEKT INNKJØP OG ANBOD
- SAK 08/19 KONTROLLRAPPORT - ÅRSRAPPORT 2018
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
- SAK 09/19 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 10/19 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/19	033	24.01.2019	20.02.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL**Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 6 vert å ta etter sak 2.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Greta Kirkebø.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/19	049	07.01.2019	20.02.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 21.11.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 21.11.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/19	033&17	08.02.2019	20.02.2019	KS

MELDINGAR**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå bladet Kommunal økonomi, desember 2018: «De nye reglene om rabatter i arbeidsforhold»
2. Frå bladet Kommunal økonomi, desember 2018: «Endringer i kommuneloven – med vekt på regnskapsrevisjonen.
3. Sivilombudsmannen, publisert 08.01.2019 «Lukking av møter i kommunestyret og formannskapet».
4. E-post frå Vest kontroll til rådmannen, vedrørande kontrollutvalssak 53/18
5. Fagkonferanse og årsmøte 2019.
6. E-post «Invitasjon til høring – ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift».
7. E-post «FKT –Høringsutkast – Kontrollutvalgets påse- ansvar ovenfor regnskapsrevisor».

I møte

Vedlegg 5-7 vart delt ut i møtet.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/19	033&58	28.01.2019	20.02.2019	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Hareid kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/hareid/Dmb/>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrifttype):

Kommunestyret	08.11	13.12	
Administrasjonsutvalet			
Arbeidsmiljøutvalet	13.11		
Eldrerådet	20.11		
Formannskapet	12.11	26.11	13.12
Forhandlingsutvalet			
Kommunal byggenemnd			
Kontrollutvalet			
Valstyre			
Levekårsutvalet	20.11		
Nærings- og miljøutvalet	23.10	20.11	13.12
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	12.09	20.11	28.11
Kommunal namnenemnd			
Økonomikomiteé			
Valnemnd			
SSR Representantskap			Vert sendt til leiar i kontrollutvalet
SSR Styret			Vert sendt til leiar i kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/19	033&58	07.02.2019	20.02.2019	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Hareid kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/hareid/Dmb/>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrifttype):



Kommunestyret	07.02	14.03	23.05	20.06
Administrasjonsutvalet				
Arbeidsmiljøutvalet	31.01	02.04		
Eldrerådet	13.02			
Formannskapet	28.01	11.02	04.03	18.03
		11.06	08.04	06.05
Forhandlingsutvalet				
Kommunal byggenemnd	22.01	12.02	05.03	26.03
Kontrollutvalet				
Valstyret	08.04	06.05	11.06	
Levekårsutvalet	23.01	27.02	27.03	24.04
Nærings- og miljøutvalet	22.01	26.02	26.03	23.04
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.02			
Kommunal namnenemnd	06.02			
Valnemn				
SSR Representantskap		Vert sendt til leiar i kontrollutvalet		
SSR Styret		Vert sendt til leiar i kontrollutvalet		

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/19	217	12.02.2019	20.02.2019	IMB/KS/JS

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TIDLEG INNSATS**Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet Tidleg innsats til vitende.
2. Kontrollutvalet ber om ny tilbakemelding på status på gjennomføring av anbefalingane innan 31.08.2019.
3. Kontrollutvalet ber om skrifteleg oversikt over:
 - Kor mange som stod på venteliste i høve PPT før forvaltningsrevisjonsrapporten vart behandla i kommunestyret.
 - Tal på saker som fortsatt ikkje er lukka og om årsaka til dei enkelte er venting på eksterne instansar eller om det er interne årsaker.
 - Kor mange saker er ferdig behandla.

Vedlegg

1. Tilbakemelding frå Hareid kommune – status for gjennomføring av tilrådingar m/vedlegg
 - 1) Skulane i Hareid kommune – Årsplan for kartleggingsprøver og tiltaksplan for elevar som skorar lavt innanfor den tilpassa opplæringa
 - 2) Elev – årshjul
 - 3) Tiltaksplan for elevar/klasser innanfor tilpassa opplæring
2. Utskrift frå møteprotokoll: frå kommunestyresak PS 30/18 og Kontrollutvalssak 22/18, Forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats



Saksopplysningar

Utsett sak nr 37/18.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet vedtok i sak 10/17 å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningsliner med omsyn til å identifisere born med vanskar, yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar og at dei kjem tidleg i gong med spesialundervisning eller tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapporten Tidleg innsats, Hareid kommune, datert 05.01.2018.

Denne var handsama i kontrollutvalssak 22/18, og vidare i kommunestyret i PS 30/18 der det vart gjort følgjande samrøystes vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande Forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tidleg innsats, Hareid kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 05.01.2018).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - Hareid kommune har lange ventelister i høve tilvising til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
 - PPT må i større grad gjennomføre systemretta og førebyggjande arbeid ute i skulane, og i tillegg bidra med kompetanse- og organisasjonsutvikling.
 - Kommunen har ein eldre felles prosedyre/rutineperm for born med nedsett funksjonsevne. Denne må reviderast/oppdaterast både m.h.t. lovheimel, organisering/ansvar og innhald.
 - Overgangsplanen må innehalde meir informasjon om korleis born som ikkje går i barnehage skal fangast opp og kven som er ansvarleg for dette arbeidet.
 - Kommunen må i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
 - Kommunen må sikre at rutinar knytt til hospitering mellom barnehage og skule vert gjennomført og prioritert.
 - Kommunen må vurdere om samtykkeskjema bør innehalde meir detaljar om kva informasjon som vert overført.
 - Kommunen må setje i verk tiltak for å oppfylle krava i rettleiar m.h.t. leksehjelp (administrasjonen har opplyst om at ein no har endra praksis).
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 20.08.2018.

Tilbakemelding frå rådmannen, datert 27.08.2018

Viser til tilbakemelding frå rådmannen som ligg ved.

Tilbakemelding frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon v/Alf Marius Grønnevik, datert 31.08.2018



Anbefaling 1

Det går fram av tilbakemeldinga at PPT ikkje har venteliste pr 20.08.18.

Anbefaling 2

Det går fram av tilbakemeldinga at PPT bidreg inn mot Hareid kommune med kompetanseutvikling, og at ein no etablerer jamne møter mellom sektorleiing og PPT. Vidare går det fram at pedagogisk personale i barnehagar og skular har behov for meir rettleiing og støtte der dei er. Det går derimot ikkje fram om PPT har sett i verk arbeid og eventuelle tiltak ut mot skulane og barnehagane.

Anbefaling 3

Ut i frå tilbakemelding tolkar ein det slik at dette arbeidet skal settast i gong i haust og fullførast i løpet av våren 2019.

Anbefaling 4

Det går fram at arbeidet ikkje er sett i verk i påvente av ny personvernlov.

Anbefaling 5

Kommunen vurderer det slik at kontaktlærerane er med i den grad det er praktisk mogeleg i høve til det daglege arbeidet.

Vi ser på overføringssamtalane der kontaktlærer er involvert som viktige. I dei tilfelle ein ikkje har fått på plass kontaktlærer, eller ikkje har anledning til å gjennomføre overføringssamtaler på våren, bør ein vurdere om det skal etablerast ei rutine der kontaktlærer så raskt som råd etter skulestart gjennomfører overføringssamtale med barnehagane.

Anbefaling 6

Kommunen har utarbeid egne rutinar i høve hospitering mellom barnehage og skule. Tilbakemeldinga viser at dette blir gjennomført i den grad det let seg gjere. Om kommunen vurderer rutineane som vanskelege å oppfylle, bør ein vurdere om det vil vere hensiktsmessig å endre dei slik at det er samsvar mellom rutinar og praksis.

Anbefaling 7

Samtykkeskjemaet er til vurdering hjå personvernombodet, og vil bli tilpassa dei andre samarbeidskommunane på Søre (Herøy har dei utarbeida eit skjema som fangar opp dette).

Anbefaling 8

Gjennomgangen ute på einingane viste at kommunen ikkje oppfylte krava i høve rettleiar (slik det går fram i rapporten). I E-post frå 7. mars fekk ein ei ny tilbakemelding frå kommunalsjef oppvekst på korleis leksehjelpa var organisert, der krava var oppfylt. Ein ba om tilbakemelding på når praksis hadde blitt endra, men dette har vi ikkje fått tilbakemelding på, og revisjonen har ikkje kontrollert om praksis har blitt endra.

I møtet

Kommunalsjef oppvekst og kultur Eivind Longva orienterte og svara på spørsmål.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/19	217	12.02.2019	20.02.2019	KS

**PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – INNKJØP/
ANBODSPROSESS****Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt innkjøp/ anbudsprosess i samsvar med prosjektplanen.

Vedlegg

Prosjektplan – innkjøp/anbudsprosess. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 46/18 vedtak om at revisjonen skal utføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på innkjøp/anbudsprosess, og ber revisjonen utarbeide prosjektplan til neste møte.

Prosjektplanen ligg no føre med slik problemstilling:

1. Fylgjer kommunen regelverket vedkommande offentlege innkjøp.
2. Vurdere om kommunen nyttar gjeldande rammeavtaler.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/19	232	18.02.2019	20.02.2019	JS

KONTROLLRAPPORT - ÅRSRAPPORT 2018 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN**Samrøystes uttale**

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren sin årsrapport, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgiverkontroll for det som gjeld Hareid kommune for 2018.

Kontrollutvalet registrerar at det fortsatt ikkje er utført arbeidsgivarkontrollar i samsvar med kravet frå Skatteetaten.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten av 15.02.2019
- Årsrapport for 2018 frå Skatteoppkrevjaren av 18.01.2019
- Skatterekneskapet for 2018 av 08.01.2019. Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018 av 17.01.2019

Saksopplysningar

Viser til kontrollrapporten frå Skatteetaten, årsrapport frå Skatteoppkrevjaren og skatterekneskapen.

Fylgjande kjem av vedlagde dokument og særleg skatteetaten sin kontrollrapport:

Pålegg frå Skatteetaten:

Intern kontroll:

- Skatteoppkrevjaren må sikre at dokumentasjon vert oppbevart på ein trygg og sikker måte, og i samsvar med regelverket



Skatte- og avgiftsinnkrevjing:

- Saksbehandlingsreglane som følgjer av retningslinene for lemping av inngåing av betalingsavtalar må følgjast
- Restansar må følgjast opp slik skatteoppkrevjarinstruksen krev

Tilfredsstillande:

- Intern kontroll utover gjevne pålegg frå Skatteetaten
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av årsrekneskapen
- Utføring av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane utover gjevne pålegg frå Skatteetaten.
- Kvaliteten på arbeidsgivarkontrollar

Ikkje tilfredsstillande:

- Det vert ikkje brukt nok ressursar på skatteoppkrevjarfunksjonen
- Resultatet for arbeidsgjevarkontrollen var 2,4% (1,2% i 2017 og 3,8% i 2016) mot eit krav på 5%.
- Sjå også pålegg frå Skatteetaten

Andre tilhøve:

Skatt fordelt til kommunen viser kr 124.236.271 i 2018. I 2017 var beløpet kr 120.422.463. Det vil seie ein auke på kr 3.813.808 eller 3,2%.

Skatteoppkrevjaren opplyser at det vert jobba for å rette opp pålegga frå Skatteetaten/Skattekontoret.

Det kan stillast spørsmål om den interkommunale arbeidsgivarkontrollordninga er tilfredsstillande når dei ikkje greier å levere opp til målsetjinga på talet kontrollar.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/19	033	24.01.2019	20.02.2019	KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner forslaget til møteplan med unntak av møtet oppsett 25.04. Møtet vert endra til 29.04.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2019 er det i tillegg til 20. februar sett opp møte 25. april, 29. mai, 19. september og 31. oktober.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/19	033	23.01.2019	20.02.2019	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2018 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2018. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2018.

Møtet slutt.

Berte Holstad Engen
Leiar

Greta Kirkebø
Medlem

Møteprotokoll går til:

Kommunestyret som melding

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte

Ordførar og rådmann til orientering

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til orientering